

Gamle dagar i
SAMNANGER



Årbok 2003
Samnanger historielag

2003

Bokutforming: Svein O. Aadland

Trykk: Øystese trykkeri A/S, 5610 Øystese

Framsidebiletet

er teke i Aldalen i slåttén, rundt 1920 ein gong.

I bakgrunnen ser me kvernhuset på garden. Noverande eigar av bruket, Anders Aldal, måtte riva det gamle kvernhuset då det var i ferd med å ramla ned. Men han bygde hus oppatt på tufta. Kvernesteinane er tekne vare på og står framfor huset.

Heilt bak ser me husmannsplassen som høyrde til bruket.

Personane på biletet er frå venstre: Anna Lauvskar Aldal, Larsina Aldal og Johannes Jakobsen Aldal.

Som på alle (?) andre gamle slåttebilete, legg me også her merke til at personane er svært godt påkledde med tanke på at biletet truleg er teke på ein veldig varm, fin dag. Men alle tre er berrhovda, og det er ikkje lite berre det, tida teke i betrakning.

Gamle dagar i
SAMNANGER

Årbok 2003
Samnanger historielag

Gamle dagar i Samnanger

Dette er det fjerde heftet om gamle dagar i Samnanger som Samnanger historielag gjev ut.

Også i år har me ein del stoff om Samnanger Ullvarefabrikk og livet på og kring Tysse i Ullvarefabrikken si tid. Tor Wold har samla mange opplysningar og bilete om denne viktige epoken i Samnanger sin historie.

Ein god del av stoffet elles har me henta frå gamle skriftlege kjelder som truleg ikkje er så godt kjende mellom samningar flest. På Tysse var det i si tid eit ungdomslag som heitte Samnanger ungdomslag. Me har henta litt stoff frå det handskrivne bladet deira, eit blad som heitte Samningen (!). I denne årboka kan du også lesa om ein bergensjournalist sitt møte med Samnanger for 86 år sidan.

Gamle brev kan vera spennande og interessante. Me har fått låna nokre brev som vart skrivne på Langeland for mange, mange år sidan.

Solveig Tveiterås har gjort det me i historielaget synest fleire burde gjera; ho har skrive ned minne frå barndomen og late oss bruka det i årboka vår.

Som vanleg etterlyser me artiklar frå dåke lesarar. Har du eit minne frå gamle dagar (og gamle dagar treng ikkje vera så lenge sidan, eit par tiår tilbake er gamle dagar for dagens born) som du vil dela med andre, så skriv det ned og send det til oss, eller ta kontakt med oss, så kjem me på besøk og skriv det ned for deg!

1.desember 2003
Svein O. Aadland
redaktør

Innhald

Tysse-ungdomar på «landtur» etter rjomegraut	side 5
Smått og stort frå Langeland 1916 - 1918	side 12
A/S Samnanger Uldvarefabrik frå 1899 til 1931 Av Tor Wold	side 18
Samnanger Ullvarefabrikken på byrjinga av 1900-talet Av Tor Wold	side 25
Litt om livet i Samnanger Uldvarefabrik 1900-1931 Av Tor Wold	side 32
Minne frå ein barndom Av Solveig Tveiterås	side 39
«Morgenavisen» på Samnanger-tur i 1917	side 53
Då «Samnanger» gjekk ned	side 58
Samnanger historielag i 2003	side 59

Tysse-ungdomar på «landtur» etter rjomegraut

I Samnanger ungdomslag på Tysse sitt handskrivne lagsblad «Samningen» vart det på ei tilskipping 17.oktober 1909 lese opp eit stykke som fortel litt om kva ungdomane kunne finna på å bruka sumar-sundagar til for 100 år sidan. Me veit ikkje kven som har skrive stykket. Det er underteikna «Kari Trestakk», så det er i alle fall ei jente. Språket i artikkelen er litt modernisert. Legg elles merke til at ungdomane gjekk med paraply, både langs vegar og til fjells - i solsteiken!

Ein annan detalj det er verdt å merka seg i omtalen av turen til Smådalen, er ein setning på slutten som skulle tyda på at det nok fanst hjort i bygda den gong også, sjølv om den heilt sikkert var langt mindre vanleg enn i dag.

Her følgjer utdraget frå lagsbladet:

17.oktober 1909

Det håttar vel det, at sist ungdomslaget hadde møte, vart det vedteke at laget skulle ta ein tur einkvan staden? Eg veit ikkje rett kor det vart med det, men no skal eg fortelja litt om eit par turar eg har hatt i sumar.

Som de veit har det vore nøgda av regn i år. Det såg lengje ut at det skulle ikkje verta til nokoslag, men eg hadde lengje gått og tenkt meg so huga på rjomegraut, for rjomegraut skal eg seia dykk, det er etande godt. Eg fekk då med meg ein heil flokk, som hadde same hug som eg sjøl, og ein sundagsmorgon bar det i veg. Til Børdalen skulle me, for der var det nøgda av mjølk og rjome, og der skulle det ikkje vera vandt med rjomegraut.

Me hadde fint ver, og alt såg ut til å laga seg på det beste, men då me var komne halvvegs, tok ein av kavalerane våre til å profetera: «At eg tok på denne turen», sa han, «hadde eg tenkt over det, so hadde eg aldri vore med», sa han, «me skulle sendt bod føreåt, at me kom», sa han. «Når me no kjem fram, so har dei gjerne kinna rjomen til smør, og so



Dette biletet er IKKJE teke på den omtalte turen, men viser ein tilsvarende tur ikkje mange år seinare. Biletet er teke i Høysæter-Kvann-dalen. Også her er det snakk om ein sundagstur. Og var det sundag måtte ein vera helgekledd, sjølv når ein skulle til fjells. Historielaget har lånt biletet hos Bergit Høysæter. Heilt til venstre står Anna Tysse Trengereid, mor til Bergit Høysæter. Kven som står bak hesten veit me ikkje. Men vidare frå venstre står Hilda Ulland, Gjörgina Høysæter (gift Lavik) og så ei me ikkje veit kven er. Mannen rett til høgre for hesten kan vera Sjur Børdal, men det har og vore gissa på at det kan vera Sigmund Lavik, mannen som vart gift med Gjörgina Høysæter. Vidare frå venstre står det først ei me ikkje veit kven er, så Anna Høysæter (gift Telle). Av karane står Nils J. Høysæter heilt til høgre. Kven som sit framom, veit me ikkje. Har du opplysningar om dette eller andre bilete i årboka, ta kontakt med Tor Wold eller ein annan i historielaget.

får me ikkje graut,» sa han. Me andre meinte at so meinlaga kunne det no vel aldri vera, og når me fyrst var komne på vegen, so fekk me vel freista lukka.

På vegen oppover såg me ikkje noko sers forvitneleg. Der var eit par små hytter frå utgamle tider. Om det har vore turisthytter skal eg ikkje seia, men i den siste tid har dei ikkje vore i bruk til anna enn å fanga bukkar i.

Me gjorde ein liten avstikkar bort i lida, for «tytebæret oppå tuva vaks utav ei lita von», og me ville og helsa på skogen sin raudleitte son. Men so var det rjomegrauten - me måtte nok lenger fram.

Då me kom so langt at me såg til tunar, sette storhopen seg ned i solbakkjen, medan to-tre av oss skulle snakka med husens folk om ærendet vårt. Me såg ikkje folk ute, berre ein liten smågris for og snusa ut i tunet. Då han fekk auga på oss, slo han ein ven krull på rova og kom mot oss med hovudet på skakke, just som han ville beda oss velkomne. Det er ei kjent sak at dei norske grisar er klokare enn alle andre grisar. Men me kulturfolk frå Tysse by, var no kryare på det enn at me skulle ansa på ein gris. Me berre jaga han frå oss med paraplyane våre, men eg lyt seia som sant var, at han tok seg ikkje stort nær av det.

Kona i huset kom no ut i døra, me helsa fint og fortalde at me var ein flokk farande folk som hadde etla oss hit til å få kjøpa rjomegraut, og spurde om dei for gode ord og betaling ville koka åt oss. «Ja,» sa kona «det kjem an på. Er de mange?» «Ja, me er mange» «Nei, åt so mange, har eg ikkje nok,» sa ho. «Hadde eg berre visst om det før. Men i går kinna eg, og no har eg ikkje stort rjome,» sa ho. Ja, eg sa smør, so fekk me ikkje graut.

Grisen hadde forlete oss no, og for bort til det andre tunet. «De kan no høyra derborte og,» sa kona «men knapt enn eg trur, dei har so mykje dei heller. Nei, de får gå til Høysæter, på meieriet der får de rjome, og der får de koka og der får de halda gilde som de vil,» sa ho.

Ja, kva skulle me so gjera. Me gjekk bort til det andre tunet og, men det vart same svaret der og. Men graut ville me no ha, og då vart det ikkje råd for anna, me laut gå til Høysæter då. Framåt marsj! Men hastighet er ikkje godt til anna enn å fanga lopper, det fekk me sanna den dagen. Då me var komne eit godt stykke opp i bakken, kom den siste i flokken so tjukk og fornøgd og fortalde at ho hadde fått fløytemjølk til drikka, og kona hadde laga til ei stor skål åt oss alle, men me for so snart, at dei nådde ikkje i oss. Jamen var det mest for harmelegt og,



Desse bileta er frå ein tur til Tveitakvitingen i 1915. Foto lånt hos Bergit Høysæter.




men no fekk me vera tyrst lengje nok.

So labba me då opp bakken, med sola skein oss nakken, so me vart både sveitte og mødde. Eg vart no litt låk i føtene og, for føtene mine er vel store etter skorne. No trur vel somme at eg har for småe skor. Langt i frå! Dei er store nok. Eg kan slett ikkje ha større skor. Eg kunne gjerne fortelja eksempel på det, om eg hadde tid, men no har eg ikkje tid, me skulle til Høysæter og få rjomegraut.

Og graut fekk me, og den som feit var. Me sette to jenter i arbeid til koka. Sjølv reika me oss bort på høgda ovanom husa, og derifrå såg me like til verdsens ende mest, eller kanskje det var berre til Kvitingen. Sidan gjekk me nedatt, skulle høyra om grauten var ferdig. Då stod han alt på bordet.

Men det er no sant som ordtaket seier, at magen vert før mett enn auga. Han som hadde profetert so ille men sant om morgonen, foralde sidan at han fekk slik sjeleangst for at det skulle verta for lite graut. og



Frå turen til Tveitakvitingen i 1915. Frå venstre Anna Tysse Trenger-eid, Einar Johannesen, Edit Johannesen og Olav Hanevik. Foto lånt hos Bergit Høysæter.

Men me åt alle og vart mette. Og om det hadde vore ei skjepp med graut, hadde me visst ikkje vore god for å eta meir.

Me gjekk no ut og mora oss ei stund. Me sprang ekkjemann og slo på ringen og meir slikt, og heldt eit fårleg leven, som byfolk ofte gjer når dei kjem på landet, dei trur det ikkje er nokon som veit folkeskikk der, måvita. Men hugnaden varer som oftast ikkje so lengje, me laut snart be velleva og ta på heimvegen. Då hadde me drukke opp all mjølka dei hadde i huset og trakka ned mest all håa. Men dei sa det gjorde ikkje noko, om dei meinte det, ja det var no iallfall stort å venta, men me vart samde om at me hadde hatt ein gild tur.

Sundagen etter var me på fjelltur. Me hadde fått blod på tann no. Me tok med oss niste og kaffikjel og gjekk til Smådalen. Me hadde ikkje kavalerar med oss denne gongen, for med kaffi då greier me oss sjølve. Og so tykkjer eg det og, at når kvinnfolka skal ha ordet for at dei er fælaste på kaffien likevel, so kan me gjera litt rett for det og.

Men tenk at det har budd folk deroppe! Dei var ikkje nøye på det om det var litt tungt i motbakken i gamle dagar. No ligg denne heimen i grus, og bøen er utlagt til beite. Godt beite er det sagte og, for kyrne som gjekk der var feite og fine. Me fann so mykje tyta, at me åt oss både runde og mette me og.

Me kokte kaffien bortmed hustomten. Der hadde vore og kocht kaffi før oss og, såg me. I ei grue som var tillaga, var der varm kol. Men so godt som kaffien smakte der oppe! Me drakk no fire koppar kvar - minst! Og sidan spådde me i gruten. Jau, eg skal seia me hadde det gildt.

Me var ikkje slik heimangjord at me skulle plukka bær, me hadde ingen ting med oss til å plukka i. Men me hadde ikkje råd til å gå i frå all denne tyta. Me plukka i paraplyane våre og i papirposane som me hadde hatt maten i.

Den eine i laget hadde teke på seg eit par sunde skor, so ho laut gå på helane i heile dagen, for at ho ikkje skulle verta våt, og so vart ho våt korso. Ho plukka so pålag eit par tekoppar med tyta, men då ville ho ikkje meir. Ho vart så låk i ryggen, ho var simpelthen ikkje god til å plukka. Ho var ikkje utgjengen på den måten at ho skulle gå og kryla

arbeida på ein sundag. Når ho skulle på tur, ville ho vita at ho hadde ein grand hugnad av turen, og dermed sette ho seg ned og heldt helg. Men me andre plukka som me har tyta til heile vinteren, og vil de ikkje tru, kan de koma, skal de få sjå og gjerne smaka og.

Me såg ein jæger med børse på nakken. Han stansa opp og bisna på oss ei heil stund. Eg vart mest redd han skulle ta oss for kronhjort eller eitkvart anna edelt vilt, men som vel var løyste han ikkje skot.

Mot kvelden rusla me nedatt til Tysse. Å nei so godt det hadde vore der oppe! Eg gløymde all sut og sorg og var berre lukkeleg heile dagen.

Helsing frå Kari Trestakk

Smått og stort frå Langeland 1916 - 1918

Nils Johannesson Langeland (side 547 i Samnanger I, side 148 i Samnanger II) var fødd i 1891. 21 år gammal reiste han til Amerika og budde der nokre år. Heime på Langeland skreiv søsken og foreldre brev til odelsguten. I årboka for år 2000 siterte me frå brev skrivne av og om søstera Borghild, som døydde i 1915, berre 16 år gammal. Her tek me med litt frå brev skrivne dei følgjande åra.

Språket i breva er litt modernisert. I breva som foreldra til Nils, Anna (f.1864) og Johannes (f.1865), har skrive, har me likevel behalde blandinga av nynorsk, riksmål og dialekt som var typisk for mange samningar i deira generasjon. Mange hadde riksmål då dei gjekk på skulen, men gjekk gjerne over til nynorsk som vaksne.

Brevet under er skrive av søstera Marta. Ho var 13 år gammal då ho skreiv dette:

Langeland den 15ne februar 1916

Kjære bror

Eg har i dag tenkt at eg vil skriva ein nokre ord til deg, og fortelja kor me har det her heima. Det har vore noko stygga ver her heima no, det har ein dag regna og ein dag snøa, føre jul var det fælt kaldt so at potetene fraus litt.

Det er sløydskule i barakka i år, men det er ikkje meir enn 5 enno. Og det er syskule ut i skulehuset oppå lemnen, og Barbru K. Langeland er lærarinna.

Anna K. Langeland er reist på ein Husmorskule i Kvenhera (Kvinnherad, red.) og Marta N. Nyteit er på ein folkehøgskule i Fana. Johannes er reist til Ålvik på arbeid der, for ei stund sidan.



Her er heile familien til Johannes N. Langeland samla framfor våningshuset på Langeland. Frå venstre: Magnus, Johannes, far Johannes med Alfred på fanget, Nils (bak), Marte, mor Anna med Sverre på fanget, Borghild og Anna. Ingen av dei lever no.

Eg går i skulen i vinter, men det er vel siste vinteren eg går, for eg kan vel ikkje gå lenger når eg vert 14 år 14ne april.

Me har fått oss ein ny prest no. Den gamle presten har sagt opp og Klokkar-Kristno er og tena hos den nye presten. Johan K. Langeland har vore på Stend landbruksskule i vinter, men han vert visst fri til For

sumaren. Me drap grisen vår no ein dag, so no skulle du vore heima og fått fleisk. Me hadde julatrefest i skulehuset i år, og me hadde det morosamt, dei vaksne var ei lita stund lenger, dei og gjekk rundt juletreet.

Ja, no trur eg eg lyt slutta, men du kjem visst ikkje til å forstå det, for eg har skrive so løye.

Beste helsing frå di syster Marta Langeland

Mora skreiv også eit brev og hadde oppi same konvolutten:

Langeland den 15 februar 1916

Kjære Nils

Mange takk for brevet som me mottok frå deg for ein nokre veker sio. Du får unnskylda at det vart noke lengje før me skreiv til deg igjen. Far har hatt det noko travelt i furuskogen no ei stund, og no sista veko har han klemt på og kjørt på stokkar ifrå Fiske til Kvittingen. Han selde noko tømmer til Bergens kraftanlegg for kr.495, og so tok han akort på kjøringa for kr.160. Haldor Langeland er og med på kjøringa.

Tusen takk må du ha Nils, for pengane so me mottok frå deg no sist laurdagskveld. Det var 185 kr. Dei kom i god betids til no me skal bruka dei og betala av på den andre terminen angående den jordakorten. Far lyt reisa til Bergen no førstkomande fredag og betala. Me fekk mest 100 kr for noke jordarbeid innpå Sabakken. Det er i Landmandsforeningen dei har ordna da so at når noken gjer eit stykke ferdig til ei viss tid, så har dei for målet. Det er no inkje ferdig enno, men me fekk pengane likevel, dei trur me gjer no resten og. Og då har me ein 6-700 kr, so me kan betala tå våre pengar med dei me fekk hos deg, og resten har me fått løv på i Tyssebanken.

Ja Nils, det er svært kjekt tå deg at du tenkjer på oss so ofta med pengar. På sama tid so synest me det og er ilt at du lyt setja te so mykje pengar.

du lyt visst arbeida tungt for dei derborte i eit fremmenda land, langt borte frå dine kjente og kjære. Men eg trur at Gud velsigner det for dig igjen.

Det kan no henda det vert noke utav den spekulasjonen og endå. For me ser i blae (bladet = avisa, red.) at dei ska bjønna med eit stort fabrikk i Trondhjem angående desse adferna, og no har me kløpt utor eit stykke i Gula Tidend so du kan få lesa det sjølv, so du kan få litt greia på det.

Me, ser du, har vore i kjørkja juledagskvelden og der hadde dei julatre og ja, dei hadde julatre her i skulehuset og, for borna og dei vaksne var der og. Men eg var inkje med denne gongen, for eg synest det er svært tungt for meg no sio me møsste Borghild. Men eg har det håpet at me skal treffast i himmelen når jordlivet her er slutt.

Eg sku likt te fått sett deg igjen no, Nils, og eg trur at du kjem no heimatt til oss igjen. Du bad oss om fotografi, og da ska me senda deg so snart me får. Fotografisten er her so sjølo om vinteren, men so snart so da vårast litt, vil me gå ned til Tysse. Alfred ska få seg nye klæ og fyrst. Johannes og Magnus har visst inkje bringt te deg heller. Eg har ofta sagt da te dei at dei må fotografera seg og bringa te deg. Magnus skriv aldri heller, han. Når han er åv på arbeid so skriv han alder heim heller. Da syns eg er ilt.

...

Mykje helsing frå mor og far og adle i heimen.

Og so sku me helsa deg frå bestemor.

Eit brev som er skrive den 26.juli manglar årstal. Men kanskje er det 26.juli 1916?. Der skriv mora mellom anna følgjande:

...for du veit me har det no noke travelt no i slåtten, og om søndagane

har me inkje alltid vore heima. Sist søndag var me til Eikjedalen på eit møte. Det var Ludvik Hope so tala. Og i dag er far i skyss med turistar til Norheimsund. Me har vore to gonger før i sommar og.

...

Når ho skriv at «far er i skyss med turistar til Norheimsund», kan me trygt rekna med at det er snakk om turistar som kom med store turistskip til Tysse, og som vart skyssa med hest over Kvamskogen, medan turistskipet gjekk rundt og tok dei ombord igjen i Norheimsund.

Går me fram til sumaren 1918 er det ikkje mora som skriv til Nils, men faren:

Langeland den 30.juni 1918

Kjære Nils

Me har no fått brev fra deg for vel ei veka sidan, og fotografi. Mamma var då svært glad at hun fikk se deg. Me har sent telegram til deg at ho hadde fått ein ulækjeleg sjukdom, visst du har fått telegrammet. No lyt me medela deg det tunge budskap at mamma er død. Hun døde torsdag morgen klokken 8. Hun vandrede bort i tro på sin Frelser, så vi har det faste håp at treffe henne i himlen. Det var svært godt at se kor fornøyd hun var. Hun talte så lige frimodigt om sin død. Hun talte ofte om deg, Nils, at det hadde vært godt at se deg igjen. Våre barn måtte komme til henne og bad farvel, og om morgenen i femtiden rakte hun og meg sin hånd til det siste farvel her. Jeg har taget mor din i hånden på at jeg måtte være flittig og skrive til deg. Du får vel no mens krigen varer ikke komme hjem, det er vel usikkert kor det kan komme til at gå deg. Men når vi er i Guds hånd, så er vi i den trygge hånd som gjør at det ikke falder en spurv til jorden uten hans tillatende vilje.

I dag er det søndag, og nå første torsdag er vi tenkte at holde begravelsen. Ja, du blir da av oss savnet. Det er no meget som har hendt oss no i disse årene mens du har vært borte, og dette blir for meg visst det

aller tyngste. Kun Gud kan gi meg kraft til at bere det.

*Jeg kan fortelja at vi straks skal få elektriskt jøs (elektrisk lys, red.). Så snart begravelsen er over, så installerer dei det i vårt hus, og det vil bli svært bra, for her har vært ilt om olje. Jeg og Sverre er no i kveld tenkt at kjøre ut til gamle bestemor, og jeg må no for denne gang slutte skrive-
velsen med en hjartelig hilsen fra din fader og dine søskende i hjem-
met.*

I 1920 kom Nils Langeland heim att. Då hadde han med seg breva han hadde fått heimanfrå dei åtte åra han var i Amerika.

A/S Samnanger Uldvarefabrik frå 1899 til 1931

Av Tor Wold

I årboka i fjor skreiv vi om den norske ullvareindustrien sin oppvekst og om ”gründarane” som la til rette for, og bygde opp Samnanger Uldvarefabrik. Vi fortalde også om dei første 13 åra fram til fabrikkens vart kraftig utvida i perioden 1898-1899. I år presenterer me - gjennom tre artiklar - resten av historia frå utvidinga av fabrikkens og fram til han brann i 1931.

Men først eit lite samandrag om Samnanger Uldvarefabrik i den første tida:

Spinnemaskina vart oppfunnen på slutten av 1700-talet. Omlag 50 år seinare, i 1846 grunnla Peter Jebsen den første fabrikk i Ytre Arna. Det var eit bomullsveveri. Arne fabrikk sin ullvarefabrikk vart grunnlagt som eit eige selskap i 1851, av H. Hansen, Peter Jebsen og Hans Petter Friedrich Matthisen, (F. Matthiessen). Firmaet heitte H. Hansen &co. I 1863 kjøpte Peter Jebsen ut medeigarane sine og dei to dreiv deretter ullvareutsal i Bergen i Strandgaten, under firmanavnet H. Hansen & co.

I 1882 kjøpte F. Matthiessen fallrettane til Tysseelva av Svein Larsson Røsseland og sonen, Nils Sveinsson Røsseland. Oppkjøp av øvrige tomter og rettar frå bøndene langs elva skjedde i dei påfølgjande åra, med N.S Røsseland som meklar. Mellom anna vart husmannsplassen Teigen flytta frå der direktørbustaden og utsalet ligg i dag og opp til der skuleplassen på Tysse no ligg.

Samnanger Uldvarefabrik starta opp 18. oktober 1886. Etterspurnaden var stor, og mellomrikslova gjorde den svenske marknaden til heime-

Bilete neste side: I 1899 vart Ullvarefabrikken eit aksjeselskap.

1 Aktie

Nº 378

Kr. 500



AKTIEBREV

i



AKTIESELSKABET SAMNANGER ULDOVAREFABRIK

STAVANGER ULDOVAREFABRIK

Da Herr K. A. Matthiessen

*som Aktieeier i ovennævnte Selskab har indbetalt
denne Akties fulde Beløb med*

Ten Hundrede Kroner,

*saa skal han eller enhver Anden, der har erhvervet lovlig
Transport paa dette Aktiebrev, i Kraft af samme være
delagtig i alle de Fordels og Rettigheder og underkastet
alle de Forpligtelser, som ved Selskabets Statuter ere eller
herefter blive fastsatte.*

Bergen i Direktionen i Januar 1899

K. Matthiessen

H. A. Matthiessen

J. Mathiesen

S. Mathiesen

J. C. Dahl

marknad i lag med den norske. Kolkraft, som konkurrentane i andre land laut nytta, var meir enn 10 gongar så dyr som vasskrafta, og arbeidskrafta var nok heller ikkje overprisa samanlikna med konkurrentane.

I starten hadde bedrifta 10 vevstolar og 25 tilsette. Talet på vevstolar auka raskt til 30. Varene hadde høg kvalitet og fabrikkjen leverte stoff til uniformer til mellom anna NSB, hæren, marinen og telegrafvesenet. Bedrifta tok del i industriutstillingar i København i 1888 og i Bergen i 1898 og fekk sølvmedalje og gullmedalje for varene sine. Utstillinga i Bergen var høgdepunktet for fabrikkjen før utvidinga. På dette tidspunktet sysselsette fabrikkjen 90-100 personar. Ei ny, stor, utbygging sto for døra. Fabrikkjen vart i løpet av dei neste to åra, utvida til tredobbel storleik.

Utvidinga i 1899-1900 kosta mykje, og ein trong meir kapital. Bedrifta vart omgjort til a/s, og ein tok inn ein ny medeigar i tillegg til dei fire Matthiessen-brørne som hadde eigd fabrikkjen til då (C.A. Matthiessen, F. Matthiessen, J. Matthiessen og H. Matthiessen). Konsul I.C. Isdahl vart den femte eigaren.

Fabrikkjen vart til dagleg styrt av den tekniske direktøren, Christian August Matthiessen, som budde på Tysse i direktørbustaden. Den merkantile leiinga og salsapparatet, sto broren, disponent F. Matthiessen, for. Han var stasjonert ved hovudkontoret, som låg i Strandgaten 31 i Bergen. Hovudkontoret gjekk med i Bergensbrannen, og seinare leigde ein kontor i Hjortegården på Tyskerbryggen .

Utvidinga var omfattande: Ein sette opp to store hovudbygningar på 5 etasjar, begge var 132 meter lange. Det samla fabrikkarealet var på 9.500 m². No var det tilsett 250 arbeidarar i fabrikkjen. Fabrikkjen hadde i alt ca 100 vevstolar, 10 kardemaskiner med tilhøyrande selfactorer og fargerier og appretur for å gjere stoffet fint og salgbart. Spesialmaskinene for spinning/veving og karding og handsaming av det ferdige stoffet, kjøpte ein i Tyskland. Dampmaskineriet til drift var engelsk og norsk (Thunes mekaniske verksted.) Ved opninga i august 1899 la ein ned ein grunnstein med eit dokument der direktør Matthiesen og driftstyrar Johan Nyebøele skreiv under. Denne fann ein igjen etter brannen, svidd, men fullt leseleg. (Sjå bilete på neste side)

Samnanger Uldvarerfabrik

Amno 1899.

indendede

Aktieselskabet Samnanger

Uldvarerfabrik

sin Fabrik ved Gjefviken

af de nye Henslyggninger

et nyt Færveri og et nyt Kjøkkelhus.

Hermed foretages Driften fra

27 Karstade Kal
100 Karstade.

Deri Leds vil være dette Foretagende
Lysen - Samnanger
D: 5 August 1899.

H. A. Mathiesen
Johan Kjelöller

Fabrikken hadde tre store pakkhus ved kaien, der rutebåtane la til. Først la båten til ved Røsselandskaien for leveransar til dei handlande, og der lossa ein også ein del varer til fabrikkjen. Etterpå flytta ein båten til fabrikkjen si eiga bryggje for lasting og lossing av store kolli. Der hadde dei ein skinnegang for traller til og frå pakkhusa. Nord-aust for det eine pakkhuset (9) låg kol-lageret. Kvar haust kom eit skip, oftast frå England, med kol, og lageret vart fylt opp. Fleire mann gjekk då med traller eller trillebårer, og fylte opp lageret ved hjelp av eit stillas. Det vart ein enorm kolhaug. Der var eigen verkstad med smie. (Den gamle smia er i dag tatt godt var på og var i sommar brukt til kunstutstilling).

Ullvarefabrikken hadde ein enorm produksjon. På det meste sende ein ut 450.000 m stoff på eitt år. Det er litt meir enn lengda frå Tysse til Oslo. Ein leverte alle slags dresstøy, frakketøy og kjole- og kåpestoff. Dessutan tepper, pledd, sjal og flaggstoff. Fabrikkjen sin spesialitet var finare klede mellom anna til uniformstøy. Det var ei utbreidd oppfatning også utanfor Tysse at kvaliteten på tøyet var prima. I 1924 bestilte Dronning Maude kjolestoff fra Tysse. (Sjå kopi av bestillingsbrevet fra dronningens hoff-frøken.)

 BYGDØ KONGSGAARD <u>28.6.24.</u> ys Lammanger Ullvarefabrik Paa Hendes Majestæt Dronningens ordrer vil jeg gjerne paa bestille 5 meter av denne brune Dame klade nr. 58 - til kr. 13.⁵⁰ pr. meter.	som kaldt meget gode i H. M. Dronningens smaak. Vilke De vare saa elleværdig at sende stoffet til Bygdø Kongsgaard Christiana Arbejdsgjæl Beide Konow Løberg (Hofffrøken hos H. M. Dronningens)
--	--

Råstoff henta ein mykje utanlands, frå England, Tyskland, Belgia og Frankrike, der ein fekk ull og shoddy i tillegg til ulike kvalitetar garn av ull og bomull. (Shoddy er oppreve gamalt ullstoff, av sekunda kvalitet.) Innimellom importerte ein også ull heilt frå Sør-Amerika. Frå Tyskland og Sveits henta ein fargestoff. Norsk kjøpt råvare var ull og shoddy. Shoddyen kom mellom anna frå shoddyfabrikken i Strusshamn, der Alfred Bruvik dreiv shoddyfabrikk i lag med broren Arne Johannessen. Den norske ulla som ein kjøpte, var av ein kvalitet som ikkje var god nok til dei finare produkta. i bergensområdet der

Fabrikken hadde agent i Oslo, og dessutan to faste reisande seljarar. I tillegg til sal til grossistar og større forretningar, hadde ein årlege leveransar til fleire offentlege etatar, m.a. NSB, hæren, marinen, telegrafvesenet. Varene vart sendt med Midthordlandske dampskipsselskap til hovudkontoret i Bergen, som fordelte og vidaresendte dei. (Vegsamband mellom Bergen og Tysse kom først i 1932, då vegen Tunes-Trengereid opna.)

I artikkelen i fjor var me inne på marknadstilhøva som var viktige for fabrikken. Då mellomrikslova vart oppheva, mista ein Sverige som heimemarknad. Svenskane beskytta ullvareindustrien sin med toll som var høgare enn den Norge hadde. Dei mange norske ullvarefabrikkane kom til å slita økonomisk. I tillegg brukte dei store fabrikkane i England og Tyskland å dumpa overskotsvarer på den norske marknaden. C.A. Matthiessen engasjerte seg sterkt i dette, og skreiv fleire artiklar i Farmand og Morgenbladet om tollsaka. Matthiessen var også engasjert i lokalt styre, og sat fleire periodar i heradsstyret etter at Samnanger vart eigen kommune i 1906.

Den første verdskrigen var ei oppgangstid for heimeindustrien, men utover 20-åra meldte problema seg igjen. På slutten av 20-åra vart Samnanger Uldvarefabrik slått konkurs og buet blei overtatt av Bergen Privatbank. Fabrikken vart sett under administrasjon av direktør Bonde i Arne fabrikk. Først var Birger Matthiessen, sonen til Christian Matthiessen, dagleg leiar ved fabrikken på Tysse. Snart vart ein annan leiar, som heitte Nilsen, sett inn. I denne tida gjekk det oppover igjen med fabrikken, og før brannen var produksjonen truleg oppe på toppnivå. Men diverre, allereie i mars –31 brann fabrikken ned til grunnen.

Det aller siste kapittelet om fabrikk handlar om det som skjedde etter konkursen på slutten av 1920-talet, og om tida etter brannen. Dette kapittelet i historia vil ikkje verta skrive no. Forsikringssummen etter brannen gjekk til Bergen privatbank, og eigarane av A/S Samnanger Uldvarefabrikk gjekk til sak for å få del i forsikringssummen. Saka gjekk heilt til høgsterett. Dette var ei stor sak som vekte mykje merksemd i avisene. Det vart også skrive mykje om arbeidsløysa i Samnanger etter brannen.

Utover på 30-talet flytta mange fagarbeidarar frå Samnanger til andre ullvarefabrikkar. Birger Matthiessen flytta til Voss og dreiv ullvarefabrikk der. Dei fabrikkarbeidarfamiliane som vart igjen i Samnanger, hadde ofte "heimeverande" husfar, og mor som vekependla til fabrikk i Ytre Arna. Den kvinnelege arbeidskrafta var billegare, så det var kvinnene som fekk jobb. Nokre fekk også jobb i Eikelandssøsen, i sardinfabrikken der, det var hardt arbeid på låg akkord. Men likevel var desse heldigare enn dei som ikkje hadde noko arbeid i det heile tatt.

Først i 1941 vart det igjen starta fabrikk på Tysse. Då starta Alfred M. Bruvik sine søner, Aksel og Johannes, SAFA. Svært mange av dei faglærte hadde då flytt, så nye folk måtte i stort mon skaffast utanfrå til den nye fabrikk.

Kjelder: 1) A/S Samnanger Uldvarefabrik, truleg skrive av Birger Matthiessen, son av Christian August Matthiessen. Kopiert hos C.A. Matthiessen sin sone-son, Kristian Matthiessen i Rådalen. (Historielaget sitt arkiv.)

2) Intervju med Invald Odland, Osmund Odland og Sverre Sjøresen. (Intervjua er i historielaget sitt arkiv.)

3) Notatar frå eit samankome 30/11-55 hos Alfred M. Bruvik. Safa sitt arkiv. (Kopi hos historielaget.)

Samnanger Ullvarefabrikken på byrjinga av 1900-talet

Av Tor Wold

Med hjelp frå Sverre Sjursen og eit gammalt kart som Christian Matthisessen har teikna i 1908, har me greitt å få oversyn over Ullvarefabrikken slik han var. På dei påfølgjande sidene gjengjev me bilete og kart med teiknforklaring. Fabrikkbygningane er namnsett slik det er gjort på kartet over fabrikkene, datert 1.mai 1908. [merknad i klamme er tilføyd av underteikna.]

1A: Mur - 3 etg og loft. I etg: Valke II etg: Spinderei og Karderi, III: Væveri, Loft - Oplag for Væverredskaper. 1 Brandstandsør paa hver Etage i Slange 30 m lang.

1B: Mur - 4 etager og loft I etg: Karderi - (Riveri?) II etg: Spinderei III etg: Væveri IV etg: Væveri Loft: Tvinderei.

1C: Mur - 3 etg og loft. I etg: Vaskeri II etg: Ulltørkemaskin (ved Damp og opphetet Luft.) III-IV etg: Pudseri og Stopperi.

2: Mur - 4 Etager og Loft. I etg: Tørremaskin (ved Damp og opphetet Luft) I etg: Karderi og Spinderei. II: Appretur og Ka? III: Garnforberedelse og Damptvinnemaskin IV: Garnlager og Mønsteri og Væveri. Loft: Garnlager og Mønsteri og Væveri.

3: Mur - Farger

4: Mur - Farger

5: Mur - Smedje ? og Dynamo.[kraftstasjon 110v som gav straum til lys i fabrikkene.]

6: Træ 1 etage- Pakbod (Farvestof og Uld)

- 7: Mur 1 etage Bølgebliktag paa Jernkonstruksjon Wolfelokale
- 8: Mur 1 etg - Vandrørskjel (Bølgebliktag paa Jernkonstruksjon.)
- 9: Træ 2 etage og Loft - Pakhus for Uld og Shoddy.
- 10: Træhus - 2 Etager - Telefonstation og Snedkeri
- 11: Mur - Portner
- 12 og 13: Arbeiderboliger af Træ. [13:Fabrikkbolig med overbygd trapp opp i kjøkkenet i 2. etasje. Huset vart brannskadd og Bernt Steinsland reiv det og sette det opp igjen i Eikedalen der det står enno. Sverre Sjursen sin familie var ein av familiane som budde i 13. Nr 12: Fabrikkbolig som står enno. Ingvald Odland sin familie budde i 1 etg av dette huset i søraustre hjørnet?]
- 14: Udhus til 12 og 13 ditto. [rader med utedo og vedskjul til fabrikkboligane]
- 15: Trappehus (Sten og Jern) 1 Brandstandsøf paa hver Etage. [Framom trappehuset ser vi fabrikkpipa som framleis står og som var i drift til omlag 1990. Når ein skulle feie pipa, klatra feiaren ut gjennom øvste delen av trappehuset som låg som eit tårn rett bak pipa.]
- 16: Kjøbmand Svendsdals Hus av Træ - tilhører ikke Fabriken. Brandhydrant med to 2" slanger - hver 50 meter lange.
- 17: Arbeiderbolig No 5 Belysning - Elektrisk Lys.
- 18: Ditto No 6 (17 og 18 er ikkje med på dette biletet. Det er dei to gamle arbeiderboligane på Indre Tysse, som låg der arbeiderboligane ligg i dag.)
- 19: Udhus [mellom arbeiderboligane på Indre Tysse.]

20: Privet [også Indre Tysse]

21: Nøst

22: Bestyrerbolig ["Direktørboligen"]

23: Forsamlingshus [Forsamlingshus til fabrikkarbeidarane. Kalla Buret. I 1922 vart det rive og flytta til Grønsdalen der det vart gjort om til skule og lærarbustad. No er det grendahus.]

24: Privet

25: Wolfmagasin

26: Pakhus(Træhus 1 Etg med Loft skifretækket til lagring av Uld etc.)

27: Bankbygningen, som brann og på 50-talet vart gjenreist i mur.

28: Røsselandshuset, der det mellom anna var hotell, bakeri og butikk. Harald og Gro Røsseland bur der i dag.

29: Torgils Frøland sitt sjøhus. Han var handelsmann og eigde dette og huset innafor.

30:

31: Iversenhuset.


32: Vilhelm Stamnes budde her, han eigde også nr 34.


33: Skulehuset frå 1872 til 1904. I 1904 vart det flytta til Frøland, idet ny Tysseskule vart bygd der heradshuset står no.


34: Vilhelm Stamnes eigde nr 34 og 32. I nr 34 dreiv han faget sitt, Sverre Sjursen er ikkje sikker på kva det var.


35: Uthus for utedo og vedskjul.

Plan af Samnanger Uldvarefabrik.









Litt om livet i Samnanger Uldvarefabrik 1900-1931

Av Tor Wold

Livet på Tysse i fabrikkåra må ha vore kontrastrikt. Frå å vera ein liten stad før 1885 med berre jordbruk og småfiske, med nokre få gardar, vart Tysse forandra til ein etter måten stor industristad. På kort tid vart det reist enorme bygningar og store mengder folk flytte til staden. Eit overslag over folketalet på Tysse før 1885, ligg på mellom 30 og 50 personar. Ser ein på folketeljinga frå 1900, ser ein at i mest alle hus budde det minst 6-8 menneske. Og i fabrikkboligane budde det svært mange. Folketalet var auka til 525 personar!

Det må ha vore store klasseforskjellar. I årboka for 2001 står det ein artikkel der Anders Sandvik og Peder Hansen fortel om harde arbeidsdagar og om forhold som i dag ville vore forbode som barnearbeid, og om rovdrift på arbeidskrafta til både vaksne og barn. Likevel skin det gjennom at på den tida var folk glad dei hadde arbeid. I same årboka les ein om Jacob Deby som arbeidde som appreturmeister og nok hadde heilt andre tilhøve. Fabrikken hadde heile tida ein stab av ingeniørar og teknisk kunnige. Dei var ofte utlendingar. T.d. var dagleg leiar for fabrikkjen etter nyopninga i 1899, Johan Nyebøele, dansk. Dette skiktet av høgare funksjonærar og teknisk kunnige, var nok av ein heilt annan klasse. Nokre av bileta i Deby sitt album gir og inntrykk av dette. Aksel Bruvik fortel: "De fleste avdelingsleiderne var kommet fra Tyskland. Det fortelles at Deby holdt sine hagefester stilfullt med solparasoller og damene med vidbreemede, flotte hatter. Jeg har hørt at Deby og fruene var et stilig par som man la merke til når de hadde sin spaseretur gjennom Tysse.

Direktør Matthiessen var glad i å gå på jakt. Han måtte gå forbi fabrikkjen for å koma seg av garde til Gaupholmsmarka, der han jakta hare. For å koma usett av garde, kjøpte han ein bit av eiegen nedanfor direktørbustaden, så han kunne passera rett ned på kaien.

Det går nokre historier etter Direktør Matthiessen. I byrjinga arbeidde både han og broren med vevinga i lag med dei andre, og lærte dei opp. Dei budde då i fabrikkboligane langs elva. Matthiessen ser på bileta ut som ein hyggeleg mann, men han kunne nok også seia frå når det trengtes. På den tida var det jo heilt andre omgangsformer, og omgangstonen mellom overordna og underordna hadde nok eit meir militært preg.

Fabrikken hadde sju utedoar, og under doane gjekk det ei renne med vatn som kom ut frå turbinen. Det må ha vore skummelt å sitja der med ei lita barn rumpe. Den eine doen hadde lås og var for sjefane. Når det kom nybyrjarar på fabrikken, brukte dei å senda han opp til direktøren for å låne nøkkelen til do. Som regel kom han fort attende, heit i toppen, han var blitt jaga på dør.

Anders Sandvik har fortalt om dårleg reinhald på doane. Papir mangla det ofte. Andre har fortalt denne historia: Matthiesen var streng på at det ikkje skulle ull ut or fabrikken. Ein dag han sto på kaikanten, såg han ein ulldott som flaut med straumen frå dokanalen og nedover elva. Han fiska han opp att, og resten av dagen gjekk med til å finna syndaren.

I perioden frå 1900 og framover vaks arbeidarrørsla fram. LO vart stifta i 1899. I 1900 hadde LO 15000 medlemmer, i 1914 67000. Dette var i byrjinga mest eit byfenomen. Samnanger arbeiderforening vart stifta i 1919. Same året vart 8-timers arbeidsdag vedteke. Martin Tranmæl var på den tida arbeidarrørsla sin eigentlege leiar. Historielaget har eit bilete som viser Tranmæl på Tyssekaia med fana til Losje Morgenrød og eit banner som krev 8-timars arbeidsdag.

Med arbeidarrørsla kom også sterkare lønskrav og streik og lockout. Me veit ikkje mykje om denne delen av historia i Samnanger. Arbeiderforeninga sine arkiv ser ut til å ha kome vekk. (Om nokon veit meir om Arbeiderforeninga og denne tidlege tida, hadde det vore fint om dei tok kontakt med historielaget.)

I Atle Austestad sitt hefte om fagforeiningsmannen og politikaren Martin Dyrseth (1887 – 1964), står følgjande å lesa om arbeidskonflikten på Ullvarefabrikken:



Arbeidarhøvdingen Martin Tranmæl på Tyssekaien.

Martin Dyrseth var også med å skipa Samnanger Tekstilarbeiderforening i 1919. Den første formannen her var Peder A. Lie. Då fabrikkeigaren (Matthiessen) fekk høyra om den nyskipa fagforeininga, vart formannen oppsagd på dagen. Eit ekstraordinært årsmøte valde då Martin Dyrseth til formann. Det var ikkje fare for at Martin skulle verta oppsagd av di han ikkje var tilsett ved fabrikken. Det var også lovleg å velja han av di Tekstilarbeidarforeininga var tilslutta Norsk Arbeidsmandsforbund.

Kravet fagforeininga stilte, var at fabrikkeigaren skulle betala tariff-løn til arbeidarane. Matthiessen svara nei, og det vart streik. Forhandlingane mellom fabrikkeigaren og fagforeiningsformannen gjekk føre seg i friluft; Matthiessen stod på innsida av fabrikkporten medan Martin måtte halda seg på utsida. Etter ti dagars streik (frå 10. til 20.august 1919) vart konflikten løyst. Fabrikkeigaren måtte godta krava til arbeidarane, og 110 arbeidarar kunne begynna i arbeid att. Timelønna for kvinner vart sett opp frå 64 øre til kr.1,20, og for menn tilsvarende frå 1,10 til 2,15. Overtidsplikta vart redusert, men det vart ikkje semje om talet på feriedagar. Dette siste punktet i avtalen vart avgjort av Arbeids-retten våren etter. Då fekk arbeidarane fullt medhald i kravet om samanhengande ferie i to veker. Matthiessen fekk jamvel valet mellom å etterbetala ei ferieveke for sommaren 1919 eller gje tre vekers ferie i 1920. (Dom 9.april 1920). Totalt sett auka dei aller fleste arbeidarane ved Samnanger Uldvarefabrik med dette årslønene sine med om lag 100 prosent, og dei kjende seg takksame overfor formannen sin. Ein dag kom det ein deputasjon frå arbeidarane med ei takkegåve; det var eit gedigent lommegullur.

Martin Dyrseth hadde suksess med denne organisasjonsoppgåva, men ingen vert profet i si eiga heimbygd. Ei nabokjerring tykte han fekk godt betalt for forhandlingsjobben og meinte: "Ja, ja, han fekk gullur i fjor; han får vel gullhødn i år

Dette skriv altså Atle Austestad. Martin Dyrseth var i det heile ein mykje respektert mann, også mellom bygdefolk. Som polititar fekk kommunisten Dyrseth mange Samnanger-stemmer. Det var mannen mange stemte på, ikkje på ideologien. Jamvel fabrikkeigar Matthiessen hadde respekt for Martin Dyrseth: "Radikal og kommunist, ja vel, men

et skarpt hodel” skal Matthiessen ha sagt om Martin Dyrseth.

Tysse hadde eit vitalt organisasjonsliv på den tida Ullvarefabrikken blømde. Allereie i 1892 vart Tysse skyttarlag stifta på Matthiessen sitt initiativ. Tysse musikklag vart grunnlagt i 1899, sjølv om det offisielle årstalet er 1900. I tillegg var det eit strykeorkester. Både musikken og strykeorkesteret hadde Lars Sjursen som dirigent. Han skal ha blitt oppmoda om å koma til Tysse frå Dale, fordi dei trong han som dirigent. Dette er den same Lars Sjursen som har måla alle Tyssebiletta frå tidlig på 1900-talet. Bror hans, Sivert Sjursen, var også aktiv i musikken i lag med fleire andre.

Losje morgenrøden vart stifta i 1900, sjå årboka for 2002. Losjen hadde mange folk mellom seg, som var aktive i stiftinga av Tysse Arbeiderforening (1919).

Frå 1900 til 1915 gjekk folk i 11 timars arbeidsdag, og på laurdagen arbeidde dei til kl 17. Likevel hadde dei overskot til å drive eit aktivt organisasjonsliv på kveldstid. Ein kan berre undra seg over at folk hadde overskot til slikt aktivt lagsarbeid etter ein slik arbeidsdag.

Lagsarbeidet var nok ein viktig del av livet, også for å kopla av frå hard rutine. Slik kunne folk få ”adspredelse” og livsglede inn i ein elles triviell og monoton kvardag. I periodar, mellom anna på 20-talet, var det innskrenkingar i arbeidet pga ordremangel. Då fekk nok folk god tid både til lagsarbeid og spørsmålet om korleis dei skulle få endane til å møtast.

Brannen

I 1929 kom konkursen og snart etter kom brannen. Sverre Sjursen fortel dette om si oppleving av brann-natta:


Den kvelden det brann, hadde eg vore på Vonheim med nokre kamera-tar. Me sto og prata utanfor huset til Brita Stue. Me tok akkurat farvel, då nokre mindre jenter kom springande og sa det var brann i fabrikk-ken. Det hadde tatt fyr i 1. etasje i nordaustre hjørnet av den fabrikk-bygningen som låg nærast elva.

Me sprang og var dei første som kom til. Vatnet var frose så brannslangane var til inga nytte. Me måtte satsa på å redde Svendsdalshuset og Røsselandshuset. Ei udlabu som sto der sykkelstativet no står, brann

livleg, men me måtte berre la det brenna. Fleire kom til og me danna bøttekjeder, ei kjede på kvar side av Svendsdalshuset og bar vatn frå sjøen for å pøsa over huset. Eg sto ei stund på toppen av ein stige, men måtte raskt gje det opp. Me greidde å berga Svendsdalshuset og Røsselandshuset. Under berginga ville me bera ut eit piano frå Røsselandshuset. Det kilte seg fast i trappa, og det blei ståande der. Også lengre borte i gata vart folk skremde og ville evakuera. Store glødande trekolbitar for dit med oppdrifta frå flammene. Ein fann kolbitar langt ut mot kaien på Ytre Tysse dagen etter. Men det einaste utanfor fabrikken som brann ned, var Røsseland si løe.

Osmund Odland har tidlegare beskrive brannen i Samningen, me avsluttar med eit utdrag frå det han har fortalt:

Handelsmann A. Svendsdal og kona Rakel kom til å verta næraste nabo til storfabrikken. Dei forlangte av Matthiessen at alle vindauger som vende mot deira hus skulle murast att. Og det vart gjort. Då brannen kom, sto huset uskadd att. Det sparte også truleg naboen sitt, som var kloss i; og der var mangt: Post, bank, to forretningar, dampskips-ekspedisjon, lager, hotell og bakeri. Det var eit stykke ut til Frøland sine, så dei var nok litt tryggare.



Brannen på Tysse i 1931 var førstesidestoff, ikkje berre i Bergensavisene, men også elles i landet. Her er Aftenposten sitt bilete av branntomtene.

Så var det direktør Matthiessen. Kort tid før var det kome nye eigarar. Men dei hadde ikkje den rutinen til brannvern som førre eigar hadde hatt. Då arbeidet var slutt, og arbeidsflokken var komen heim i matfattet, tok mannen hunden med seg for å sjå at alt var i rette stand - i om lag 50 år.

Brannen byrja den 6. mars om kvelden og varde til natta til 7. mars 1931. Eg var 11 år og hadde to brør som var 5 og 7 år eldre. Det banka hardt på gatedøra til arbeidarbolig II nærast fabrikk. - Det brenn i fabrikk! Til alt hell var det klårver, opphald og mildt, men eit lite snøel i lufta, som truleg var nyttig mot gnistregnet. Dei fleste husa hadde og gode steinheller på taka. Brørne mine var vaksne, så dei var med på "karnevalet", som dei ordla seg seinare. Alle før ut. Opp mot brua der ei mengd folk var samla for å sjå på bålet. Så trist.

Mor og eg vart ståande i 2-3 timar og såg me og, lei oss. Eg bad fleire gonger om å få ta inn ein trygg stad, men ho ville vita om andre hus rauk med før ho gjekk nokon stad. Der var det eit hus med fyr i. Vår bolig? Nei. Snikkarverkstaden? Nei. Vanskeleg å sjå. Svendsdal? Røsseland? Jau. Løa og floren deira. Det var komen ein gloande fakkel som landa på taket. Då var det gjort. Men merkeleg nok ikkje meir. Då var mor nøgd så langt. Så bar det opp til kjennsfolk, Mikal og Jakobine Fossdal, der me vart godt mottekne. Jakobine la i og fortelja om noko liknande der ho kom frå. Dette hadde ho vore med på før. Det kom nok tider...

Det gjorde det og. Rom vart ikkje bygd på ein dag. Heller ikkje verka på tangen. Men SAFA kom kjærkome 10 år etter.

Minne frå ein barndom

Solveig Tveiterås, fødd Oldervoll i 1915, skreiv for nokre år sidan ned ein del minne frå barndomen. Oppveksten på Lauvskar vart sterkt prega av at faren døydde i 1921. Mora sat att med fem mindreårige born. Trygdeordningar fanst ikkje. Tidene var heller ikkje dei beste. Å greia seg vart ein kamp, først og fremst for mor til Solveig. Men som einaste jente i søskenflokket fekk også Solveig sin rikelege del av arbeidet på det vesle bruket. Me gjev ordet til Solveig, som først fortel om faren, Johannes Oldervoll, fødd 1881.

Far

Far min var fødd på Kleppe, på ein liten husmannsplass som heiter Kleppsfeta. Men då far var i seksårsalderen, reiste far hans frå denne plassen og til Lid, der han vart sjølveigar av eit lite jordstykke. Her kunne dei ha to kyr og nokre sauer. Han tok namnet Oldervoll, som også eigedommen heitte. Men han vart resten av sitt liv heitande «Fet-Ingjalden».

Her, i eit bittelite hus, vaks det opp elleve søsken. Og far var den eldste. Dette vesle huset står der enno, og vert no brukt som hytte, og det var no det den var, og har vore alle dagar: Eit lita stove, med ein lem oppå, eit liten gang så smal at troppa til loftet måtte vera bratt som ein stige.

På den tida var det vanleg med mange born i ein familie. Men då var som oftast dei eldste flytta ut når dei siste kom til verda. Ikkje slik her. Det er ufatteleg i dag, i alle fall i vårt land, at det kunne bu 13 menneske i ei slik lita stove. Her i denne vesle stova vart all mat koka. På den tid (men også i min barndom) var omnen i stova berekna til dette føremålet. I omnen var det to opningar med ringar til å ta av og på etter størrelse på grytene. Når omnen ikkje var i bruk, var det to dører til å

skyva i hop, så då kunne ein ikkje sjå at det var kokomn. Elles var det vanleg med komfyr på kjøkenet, men det var til sumarbruk. Mor fortalde at far hadde sagt at det var så trangt i stova at vogga måtte stå på bordet.

Far var fiskar av yrke. Men elles var det nok ikkje så mange muligheter til valg av yrke den tid. Men det nytta nok ikkje å vera einsleg fiskar. Dei slo seg saman nokre mann og laga eit notalag. Far var saman med ein svoger, Hans Lie (Hjeldla-Hansen) og ein bror av Hans, Johan Lie. Kanskje var også Annanias Litangen med i laget.

Den som var fiskar måtte vera mykje borte. Om vinteren var det først storsildfiske, så vårsildfiske. Om sumaren var det brislingen dei rak etter, men då var dei nok nærare heimen, av di brislingen kom inn i fjordane. Det sa seg sjølv at far var mykje borte, difor har eg lite minne etter han.

Korleis han vart kjent med mor, veit eg ikkje. Men det var visst vanleg på den tida at Liagutane rodde til Nordbygda på leik og dans. Mor fortalde at dei pleidde å dansa i ei lita gamal stove (Havnastova) som stod nedanfor der som Bjørkheim Gjestetun står no. Her møtte far sin lagnad, han vart glad i mor, og det vart truloving og ekteskap.

Dei fekk eit lite stykke av jorda på Lauvskard som far hennar hadde dyrka opp. Her bygde dei hus, og fekk fem born dei åra dei fekk ha saman.

Om vinteren etter eg hadde fylt fem år, vart far sjuk. Han trudde sjølv det var fordi han hadde sprunge i sprengkulde med open munn. Han hadde sett at det var brann i Haukaneset, og han sprang til og ville hjelpa med slokking. Han sprang over Myrane, over tjørna og opp Hauknesgjelet. Men då han kom opp såg han at det var eit lite oldhus som brann. Men det var nok ikkje dette som var årsak til sjukdomen.

Kor lenge han gjekk og hangla, veit eg ikkje. Kor lenge han låg på Haukeland sjukehus, veit eg heller ikkje. Men eg minnest godt den dagen han kom heim att. Det var ein laurdagskveld i juni. Det stoppa ein bil oppi vegen, og me såg at far kom ut or bilen. Men det gjekk så lang tid utan at han kom, at mor gjekk og såg etter han. Då sat han nedfor låa. «Det var godt du kom, eg trur ikkje eg hadde orka å koma meg inn åleine,» sa han då ho kom. I ettertid er det ufatteleg for meg at

dei på sjukehuset kunne senda ein dødssjuk mann åleine heim. Først med bil, så med tog og så med ein tilfeldig bil til slutt. Turen den gong tok mange timar. Far fortalde til mor at han hadde fått diagnosen tuberkla i magen. Eg veit enno ikkje, men har alltid tenkt at det måtte vera tuberkulosebasillen som hadde sett seg i magen og ikkje i lungene.

Eg trur ikkje me borna heller fekk sova stort den natta far kom heim. Me låg på loftet og hørde kor sjuk han var. Mor sa seinare at han hadde så hard dødskamp at det sette seg så fast hos henne at det aldri gjekk vekk. Mor hadde fått folk til å ro til Tysse etter lege, men han kom ikkje før etter at far var død. Mor skulle helsa til oss borna frå far, at me måtte vera snille born. Denne helsinga hadde han orka å bera fram før det var slutt.

Folk hadde ikkje så mykje å rutta med før. Men ein ting hadde dei, og det var hjartelag til å hjelpa. Dei hjalp kvarandre i deira naud, utan å verta spurde. Og sikkert ekstra ved ei tung gravferd.

Først måtte ein ha eit menneske til å gå rundt og be til gravferd. Det var ei plikt å be ekteparet frå alle gardar som hørde til same grenda. For Lauvskard var det Haukanes, Rødne, Steintveit og Nordvik.

Når bedar var ordna, var det å gå gardane rundt og låna bord, benkar, kjørel og gryter og mykje anna. Og eit beist måtte slakast, så det vart middag til sjunnafolket.

Så var det å få kokekona, og folk til å dekkja bord, vaska opp og elles mykje anna arbeid.

Ein av dei få tinga eg minnest frå far si gravferd, er dei store fata med brød. Brødsnivene var lagde i pyramideform på fata, med ei einsleg skive på toppen. Dette var frukost som sjunnafolket skulle ha før dei for til grava. Etter at dei kom att, var det middag. Middagen var oftast kjøt og suppe, dette sikkert av di det var enklaste måten. Seinare var det kaffi og kaker. Men om ikkje dette skulle vera nok, så var det kveldsmat òg. Då var det rømmegraut og saltfisk. Men det var noko som heitte fodning den gong. Kvart ektepar eller og ein som var einsleg, hadde med seg eit spann med mjølk og eit lite spann med rømme, dette til graut om kvelden. Det var denne skikken dei kalla fodning. Men når folk gjekk heimatt, og skulle ha med seg spanna, skulle det helst vera levningar av brødmaten i det største spannet, og så rømmegraut i det

vesle. Eg hugsar ein gong brørne mine og eg sat og venta på at mor skulle koma att frå gravferd i Haukanes. Klokka var halv eitt før ho kom. Men me hadde ikkje lagt oss, me venta på den gode maten i spanna.

Det som står sterkast i minnet frå far sin gravferdsdag, er då dei skulle setja kista med far opp på hestevogna. Då kasta mor seg over kista. Dei måtte løfta henne av. Eg var ikkje seks år den gong, men dette er spikra fast i minnet.

Mor

Då far døydde, førti år gammal, sat mor att med fem born frå 1 til 10 år gamle. Sjølv var ho 31 år gamal.

Ho hadde sikkert mange vakenetter med tankar og sut for framtida. Korleis skulle ho makta den oppgåva ho no stod framfor? Ein slik situasjon er heller ikke lett i våre dagar, sjølv om me no har trykdeordningar. Men den gong var det ikkje noko som heitte trygd, då var det berre fattigkassa å gå til, for den som ikkje såg andre utvegjar.

Men var det ein ting mor var sikker på, så var det det at denne utvegen kom ikkje på tale. Ho skulle aldri tigga kommunen om hjelp. Ho hadde tilfeldigvis kome til å høyra på ein høgrøysta samtale mellom to menn - ein gong før far døydde. Ho hadde stått nede ved huset, og hadde då høyrte på desse karane som stod oppe i hovudvegen og snakka harmdirrande om ei kone på Tveit som hadde misst mannen, og som no sat att med tre gutar. Denne enka hadde lota bede kommunen om hjelp. «Det er me som må fø dei!» var omkvedet i samtalen. Det var ikkje mykje medkjensle med enkja.

Dette hadde nok brent seg fast hos mor, og ho var fast bestemt på at fattigkassa kom ikkje på tale.

Etter at ho i tankane hadde prøvt mange utvegjar, kom ho til sist til at ho fekk kjøpa ei strikkemaskin, og strikka for folk. Etter far hadde ho ei bankbok med litt pengar på, i Bergen Privatbank. Om det ikkje var store summen, vart det til god hjelp i eit knipetak framover. Når det kom krav frå Småbrukarbanken på avdrag og renter om sumaren, ei tid med lita eller inga strikking, hende det at mor reiste til Bergen og tok av desse pengane.

Det var også av desse pengane ho tok då ho reiste til Bergen og kjøpte strikkemaskin hos F.G.Amundsen på Tyskebrygga. Her fekk ho også læra å bruka maskina. Ho budde i Bergen i fjorten dagar. Låg på flatseng på golvet hos ei farsøster. Heime tok tante Berta, me kalla henne Store-Berta, seg av heimen og borna. Då dei to vekene var til ende og mor kom heimatt, kjende ikkje minstebarnet henne att med det same. Men om natta kraup han oppi til mora. Denne vesle broren vår var døypt Sverre Johannes, og me hadde til no kalla han Sverre. Men no bad mor oss kalla han Johannes, for det var namnet etter far.

Så snart strikkemaskina var komen i hus, vart ho sett opp inne i stova, montert på eit kraftig bord som besten, far til mor, laga. No leid det langt ut på hausten og dei første kundane tok til å koma med garn for strikking. Og det tok ikkje lang tid før ho fekk ry for fint og godt arbeid. Og heller ikkje lenge før det strøymde på med garn frå alle kantar av bygda. Mor strikka alle slags plagg. Forutan jakker og gensarar, undertøy for unge og gamle, menn og kvinner, gutar og jenter. Ho strikka huer, sokkar, labbar, sjal og strikkevestar. Kjolar og underkjolar for



Seselia Oldervoll og dei fem borna hennar. Bak står artikkelforfattar Solveig. Elles, frå venstre: Ingjald, Johannes, Alfred, Peder og Seselia.

jenter, underliv av bomullsgarn og til jenter.

Underklede til menn strikka ho også etter krigen, men no sa karane at dei gjekk med bombesikkert undertøy.

Første tida ho strikka, klauv vesle Johannes stundom opp på stolen ho sat på. Og der stod han bak ryggen hennar og heldt henne om halsen medan ho strikka. Ho snakka mange gonger om dette seinare i livet. Det var for henne eit kjærte minne.

Etter første vinteren fekk ho strikkemaskina ut frå stova, til eit rom ved sida av. Og arbeidsmengda auka på. Eg ser enno for meg alt garnet på veggane. Det var spikarar i to høgder med buntar av garn. I kvar garnbunt var det festa ein seddel der det stod kva garnet skulle brukast til. For borna stod det berre alder, aldri mål. Men eg ikkje minnst at det kom klagemål på arbeidet.

Frå tidleg haust og fram til jul, var det høgsesong for strikk, alle skulle ha det ferdig til jul. Det var utruleg at helsa til mor heldt. Eg trur ikkje ho låg meir enn ca. fem timar i døgeret. Eg hørde duren frå strikkemaskina når eg hadde lagt meg. Var kanskje vaken litt etter nokre timar, og hørde same duren. Og det same når eg vakna om morgonen.

Men ho fekk ein nedtur nesten årvisst etter jul. Då vart ho liggjande sjuk nokre dagar. Eit år kom denne sjukdomen alt julaftan. Ho sa sjølv at det var den årlege influensaen. Men det var det nok ikkje. Var nok ein reaksjon etter overanstrengelse.

Etter jul og fram mot våren hadde ho og mykje arbeid, men då tok ho det ikkje så travelt at det gjekk på helsa laust.

Alle me borna måtte spola etter kvart som me vaks til. Me var nok ikkje så glade i dette arbeidet, serleg visst det var flokete garnhesper. Då røynde det hardt på tolmotet vårt.

Når våren kom, og det vart mindre strikking, var det utearbeidet som tok mykje av tida til mor. Første åra etter far sin bortgang, fekk ho hjelp av besten. Han var no 77 år, men utruleg sterk. Han var også med til Lid, og slo i utslåtta der. Far hadde teke unna ei utslåtte då broren Mons fekk overta Oldervoll. Denne utslåtta var nokre bratte bakkar med smågras, og låg attmed bruket på Oldervoll. Skulehuset på Lid stod tett attmed, og skulevegen frå Kleppe og Kvernes gjekk rett gjenom denne utslåtta som vart kalla Urda.

Når slåttene heime var ferdig, stod Urda for tur. Det var då å ta båten og årane fatt. Det tok om lag ein time å ro kvar veg. Det var sikkert ikkje så lett å slå i desse hengjebrate brekkene. Ein kunne tru dei kunne lette snubla og ramla på sjøen.

Besten var som sagt med her dei første åra. Sidan var dei eldste gutane vorte så store at dei kunne overta dette arbeidet. Mor var sjølvsagt alltid med.

Var veret fint, vart graset tørka i brekkene, men var det regn, vart det teke rått i båten og hesja heime. Me kunne ikkje hatt sauer utan dette graset frå Lid.

Utslåtta vart slege like fram til krigen. Men i 1945 selde mor Urda til svogeren Mons for 500 kroner.

Så var det sætragongen om sumaren. Om me berre hadde ei ku som skulle mjølkast, så måtte denne turen til sætrastølen gjerast. Kven som mjølka denne kua dei første åra etter at far døydd, kan eg ikkje minnast. Men eg hugsar godt sumaren 1924. Då gjekk mor på sætret kvar kveld i fire veker utan byte ein einaste gong. Ho mjølka og kyrne til søster si på nabogarden som hadde eit nyfødd barn.

Mor fortalde seinare at ho sjølv ikkje hadde hatt det godt denne sumaren. Me born var utan tilsyn, og Johannes var berre fire år. Ho fortalte at kvar morgon når ho kom så langt at ho såg heim, var ho glad ho såg huset stod. Aller verst var det den veka ho måtte til Lid og slå i Urda. Det var så vidt ho rakk å orna med mjølka, koka seg litt kaffi, stella til mat for dei som var heime og til dei som skulle til Lid. Då dei kom att frå Lid i nonstid, var det same jaget, før ho kom seg til fjells att. At helsa heldt er utruleg. Men eg trur det gode humøret hjelpte henne mange gonger, men stundom kunne det nok røyna på humøret for henne og.

Om sumaren har det uteareid, om vinteren strikka mor. År etter år. Det var inga overflod hos oss, men me hadde mat på bordet kvar dag.

Og det vart lettare for mot etter kvart, ikkje minst etter at dei eldste gutane greidde å skaffa seg arbeid. I begynnelsen av trettiåra var eg og ute i arbeid om sumaren, på hotell eller i private heimar. Om vinteren var eg heime for å hjelpa mor. Desse jobbane eg hadde om sumaren var løna med 20 til 25 kroner pr. månad. Til samanlikning kosta eit par

skor då rundt 12 kroner. Arbeidstida var ikkje åtte timar om dagen, men nærmare det doble.

Åra gjekk. Alle borna vart vaksne og gifte. Mor strikka framleis, men mykje mindre enn før. Etter kvart vart det helst gratisarbeid. Ho strikka til born, svigerborn og sjølv sagt til alle barnabarna som kom etter kvart.

Då mor var omlag 75 år, ville ikkje strikkemaskina meir, den var rett og slett utsliten. Dermed vart det slutt på strikkinga.

Då gjekk ho i staden over til å sy hardangersaum. Ho sydde store dukar til borna sine, og seinare til mange av barnebarna. For ikkje å snakka om alle dukane til mange basarar til inntekt for ulike føremål som aldersheim, sjømannsmisjon og andre humanitære føremål.

Ho hadde støtt vore glad i å lesa, men hadde i mange år hatt lite tid til slikt. No hadde ho tid og las svært mykje, fekk «eit heilt bibliotek» til jul kvart år.

Men så svikta synet. Dermed vart det slutt på både sying og lesing og det meste anna ho gjorde på. Ho som støtt hadde vore så aktiv, vart sitjande i ein stol med hendene i fanget. Det var ikkje rart det gjekk nedover med henne mentalt. Men ho levde til ho var nær 97 år.

Å gå på sætret

Som oftast hadde me hos oss berre ei ku som skulle mjølkast som sumaren. Og for denne kua måtte me gå til sætret kvar kveld.

Eg vil her fortelja om den sumaren eg var 12 år gamal. Då var me tre jenter på Lauvskarsætra. Den eldste var Seselia, kusina mi og frå nabo-garden. Ho var 14 år og gjekk for presten. Den yngste var Agnes, ho var frå øvre Lauvskar og var 10 år, vart ikkje 11 før seinhaustes.

Me tre gjekk kvar kveld heile sumaren. Me starta om ettermiddagen klokka 16.30. Seselia og eg møtte då Agnes oppe i Røssmarka. Så gjekk me saman vidare.

Me gjekk alltid berrføtt, skor kom ikkje på føtene frå vår og til haust.

Etter ein times tid kom me til Fitjavatnet. Der hadde me båt liggjande, så me rodde over vatnet. Det var me ikkje åleine om. Det var mange

*Me har ikkje bilete
frå Lauvskar-sætra i
gamle dagar.
Difor nyttar me
høvet til å
presentera fleire
bilete av ho som
pryda framsida på
årboka i fjor,
Augusta Svensdal
på Bruabotn-sætra,
ei sæter som låg
vegg i med
Svensdal-sætra på
ein voll som i dag er
ein del av Eikedalen
skisenter.
Bileta er tekne
ein gong
mellom 1915
og 1920.*



båtar på vatnet i same ærend. Det var Hauabåten som me kalla han, Hildershaugen altså. Så Nordvikabåten, Steintveitebåten, Røssbåten og Gjerdsbåten. Me det var berre me og båten frå Gjerde som skulle til Gurielvneset. Me hadde sæter ved sida av kvarandre ope på Guristølen. Slåttesætra låg aller nærmast Lauvskarsætra. Dette sætret vart kalla Festninga, eg veit ikkje kvifor. Dette sætret ramla tidleg ned.

Eg veit ikkje om me alltid held tida som var sett opp for turen til sætra. Me me rekna ein time til Fitjavatnet, 15 minuttar å ro over vatnet og så 15 minuttar gong opp til sætra.

Me hadde stølabøtte på ryggen. Der hadde me mat. Og så hadde me sildesalt til kyrne. Dessutan hadde me kjøttbein, også til kyrne. Kjøttbein hadde me samla heile vinteren til dette bruket. Så før me gjekk til kyrne, var det å knusa bein med ein stein. Desse beina var visst ein livrett for kyrne, dei togg bein så skummet stod om mulen på dei.

Me kunne stundom vera så heldige at kyrne gjekk rundt sætra når me kom. Då kunne det verta ein lang frikveld. Men dette hende nok ikkje så ofte.

Denne sumaren her, var kyrne utruleg vidfarne. Dei fleste kveldane måtte me langt opp for å finna dei. Opp Fjellbotnane, så Varden, lengre inn Rausidtjørna. Så forbi Grønehaugen. Så kom me til heimste Kulivatnet. Og så eit godt stykke til det inste Kulivatnet. Og då kunne me gjerne sjå kyrne langt oppi Sauhaugbrekkene. Ein kveld gjekk me opp på toppen av desse brekkene, og då såg me ned på Vaksdal. Denne toppen var kalla Sauhaugen.

Når kyrne var så høgt oppe, tok me dei nedover når me hadde mjølka dei, så me skulle sleppa å gå så langt igjen om morgonen.

Slike kveldar vart me seine ned att til sætra. Men koka oss graut gjorde me. Kvar kveld koka me semulegrynsgraut. Mjølka måtte me vera sparsame med, ein kopp mjølk frå kvar sitt stølabøtte, ikkje meir. Me bruka nok litt vatn i tillegg, men du kor godt det smaka. Gryna kjøpte me kvar sin gong.

Om morgonen måtte me grytidleg opp, for me skulle vera heime til klokka 8. Mjølk frå nabogarden skulle leverast til Bjørkheim Hotel, så gjestene kunne få fersk mjølk til frukost.

Så etter at me hadde låst sætret var det å få stølabøttet på ryggen og ta

på heimveg.

Når det var fint ver og midt i slåttonna, vart det ikkje mykje kvile når me kom heim. Då var det å få i seg litt mat før me måtte ut og arbeida med høyet.

Etter middagen hugsar eg at eg fekk velja om eg ville gå og bada, eller om eg ville kvila middag. Eg var veldig glad i å symja, men likevel valde eg ofte å få kvila. Det vart nok ofte for lite nattesøvn av di me måtte tidleg opp om morgonen.

Men dette var når det var solskin og fint ver. Når det var regn var det nok annleis. Også sætralivet var annleis då. Eg har ofte seinare i livet snakka om kva foreldre var laga av, som klarte å senda oss ungane til fjells i ausande regnver, og dei visste av Gurielva var farleg. Denne elva var i slikt ver frådande massar, og denne elva skulle me over. Rett nok vart det sagt at me ikkje skulle gå over elva i slikt ver, me skulle gå utanom. Men dei måtte vera klar over at det gjorde me ikkje. Skulle me gå utanom elva på den sida sætra stod, vart det mykje lengre å gå, utan sti og i ulendt terreng. Og når me kom opp til sætra, var gjerne kyrne på andre sida av elva. Då var det i tilfelle same vegen nedatt, og så ro over på andre sida for å gå oppover og finna kyrne. Og så bera mjølka nedatt til vatnet, ro over på hi sida på nytt, og gå same vegen opp att andre gongen. Det er soleklart at slik gjorde me det ikkje. Me kryssa elva med fare for livet. Fire gonger kvar dag.

Det var fortalt at elva hadde fått namnet Gurielva etter ei jente som elva tok.

Ein gong vart nok dei heime redde for oss. Me fann ikkje kyrne om morgonen. Vanlegvis var dei der me forlet dei om kvelden. Men ikkje denne gongen. Me leita og kalla time etter time, utan å finna spor etter dei. Til slutt fann me dei ved Øystølgarden, langt, langt frå den leia dei pleide gå. Det var ei ku som var vorten øksen som hadde ført dei avvegar. Klokka halv fire om ettermiddagen var på ved heimover. I Røssmarka traff me folk heimanfrå som skulle på leit etter oss. Dei hadde sikkert ikkje hatt det godt den dagen.

Når dei leid på ettersumaren og det var surt og kaldt, var det vondt å gå berrføtt. Det var godt å varma føtene der ei ku nett hadde late vatnet. Men skor på føtene kom ikkje på tale.

Klesvask i min barndom

Eg var i trettenårsalderen då eg måtte ta klesvasken åleine, eit arbeid som gjekk over to dagar. Kvelden før det skulle vaskast var det å ta fatt medvasselen (innretning i tre som ligg over skuldrane med lenke i kvar ende til å hengja bøttene i).

Vasskjelda vår låg ned i dalen ned for hovudvegen, så det var å bera vatnet opp ei lang steintrapp, fram til huset og så ned i kjellaren. Først fylte eg den store jarn gryta med vatn. Dette skulle dagen etter varmast godt opp og ausast over i ein vaskestamp. Når gryta var full, var det å bera meir vatn og fylla i stampar, for å sleppa å bera vatn dagen etter.

Vaskestampane var sirupstønner som ein fekk kjøpa hos handelsmannen etter at dei var tømde for sirup. Tønnene var av eik og tok 200 liter. Når dei vart saga av på midten, vart det to gode vaskestampar.

Når vassberinga var ferdig, var det å gå i skykkja etter ved. Det var ikkje alltid gutane hadde tid eller vilje til dette arbeidet, og då var det å saga og kløyva ved og bera ned i kjellaren.

Morgonen etter var det å koma seg tidleg opp for å få fyr under vaskegryta. Kvitekleda som skulle kokast, hadde eg lagt i vatn kvelden før, så no måtte dei vriast opp og leggjast i ein stamp som stod på ein kasse. Når vatnet var godt varmt, ausa eg det over dei kvite kleda. Så var det å ta fatt med vaskebrett og grønsåpe og få dei opp i gryta etter kvart som dei var ferdig skrubba. Eg måtte passa på fyringa så det gjekk fort å få dei i kok. Medan eg venta på dette, vaska eg noko av dei andre kleda.

Så var det å bera ut det skitne vatnet, få tømt stampen så den var klar til å ha dei kokte kleda opp att i. Så var det å ausa kaldt vatn over og vri dei opp. Eg hadde fått instruksar om at eg skulle vaska dei over brettet ein gong til etter kokinga. Men dette saboterte eg ganske snart, eg tykte det fekk vera måte på alt.

Det var mykje meir klede som så skulle på vaskebrettet; bukser, skjorter, sokkar, labbar, gensarar og mykje anna. Sokkar og labbar vaska eg først på retta, så vrengde eg dei og skrubba så på den sida og. Dette kunne eg ikkje sabotera.

Så det leid langt på dag før eg var ferdig med vaskinga.

Så var det skyljinga. Vintersdagen var dette det verste av alt.

I den vesle kjelda vår, var det sjeldan vatn nok til klesskyljing. Då var det å få kleda ut til Lonebekken (ein bekk som renn ut frå Lauvskar-tjørna). Sumarsdagen var ikkje dette så vanskeleg. Då var det berre å få stampane opp i handkjerra og dra ut til bekken. Til vanleg, om ikkje bekken var så stor at ein kunne skylja direkte i bekken, var det å ausa vatn opp i stampen med ei bøtte, og skylja på den måten.

Men vintersdagane står føre meg som eit mareritt. Då var det å bitta fast stampane på ein kjelke og dra ut til bekken. Var bekken frosen måtte eg ha med øks og hogga opning til bøtta. Så var det å ausa stampen full gong etter gong. Å vri opp kleda var aldeles grusomt, eg veit ikkje kor mange naglabit eg hadde før denne delen av arbeidet var avslutta.

Men eg var ikkje ferdig med dette. No måtte eg dra kjelken med kleda heimatt, opp på haugen der med hadde klessnorene. Eg fraus ofte slik at det ikkje kan beskrivast. Hugsar ein gong eg fraus slik at eg vart ståande. Eg klarte ikkje å få meir klede på snorene. Dette kom den eine av brørne mine til å sjå. Han kom opp og overtok for meg. Dette har eg aldri gløymt.

Etterpå var det å bera ut at vatnet or kjellaren, og skylja gryta og stampar. Eg må innrømme at eg ikkje alltid gjorde dette, eg gjekk frå det. Det kan stundom verta nok for eit barn og ein ungdom og.

Barnearbeid

Borna måtte tidleg arbeida og gjera nytte for seg i min barndom, serleg jentene, for husarbeid var jentearbeid. Men i vår heim måtte nok brørne mine ta eit t ak når det røynde på også.

Men det er ein ting eg ofte har lurt på. Kvifor arbeidet skulle vera så tungvint? Kvifor måtte golva vera umåla og ulakka? Eg minnest enno kor såre knea var etter å ha lagt på kne på ein jutesekk og skura golv. I dag er mange redde at folk ikkje tek av seg skorne når dei kjem inn, men ingen tenkte på slikt i min barndom. Brørne mine kunne eg no kjefta på, men ikkje på vaksne som kom inn med skitne skor på, rett etter at eg var ferdig med skuringa.

Mykje var tungvint. Ikkje hadde me innlagt vatn, det måtte berast lang veg. Ikkje hadde me utslagsvask heller, det var berre å bera ut sølebøtta etter kvart som ho vart full. Og så var det utedo då, langt frå hovudhuset.

Så var det koking på vedkomfyr. Dette var slett ikkje enkelt for eit barn, men det måtte gå. Me hadde rett nok ei elektrisk kokeplate, men den kunne berre brukast om sumaren. Det var noko som heitte sumartariff den gong, straumen var billegare om sumaren. Men når hausten kom var herligheita slutt.

Åtte-ni år gamal stod eg og kokte på vedkomfyren, passa på fyren, leggja ved inn på, medan eg steikte og kokte mat, og maten måtte ikkje svi i botnen på panna.

Julegåve

Den jula eg var ti år, kjøpte ei tante som var hos oss den vinteren, julegaver til oss søsken; julekuler til å hengja på juletreet. To like kuler til dei to eldste, to andre like kuler til dei to minste, og så ei ekstra fin kule til meg. Eg såg etter om denne kula hang på treet i mange år etterpå, også etter eg var gift og kom heim til jul.

«Morgenavisen» på Samnanger-tur i 1917

Laurdag 5.januar 1918 stod ein artikkel frå Samnanger på trykk i «Morgenavisen» i Bergen. Avisa hadde tydelegvis hatt ein journalist på rundreise «på landet». Reisa resultaterte i ein artikkelserie. Akkurat denne artikkelen startar i Fusa. Me gjev ordet til «Morgenavisens Flyvende», som han kallar seg. Språket er litt modernisert:

Til Tysse og Røsselands Hotel

Så går turen pr. motorbåt helt til Tysse i Samnanger. Jeg tager opp på Røsselands Hotel, får nogen knusktørre kubber i ovnen, får mat og kaffe opp på værelset og har det riktig koselig. En handelsreisende i skjørtelerred bor vegg i vegg - og jeg passer anledningen, når landhandlerne passerer mitt værelse for at komme inn til den handelsreisende.

Herr landhandler Røsseland, som i mange år har været bygdens ordfører, begynder at eldes nu, men ligner han på gamlingen, herr Svend Røsseland, som kom fra Kvam i Hardanger og i 1861 byggede hotellet - gjestgiveriet - så kan han leve i 29 år endnu. For gamle Svend blev 90 år og bar året før han døde en tønne rug fra bryggen og opp til kvernhuset oppe ved Tysse-elven. Der er forresten mange historier om Svend Røsselands styrke. Engang var der nogen samninger, som nok var spreke karer og ville gå ut når Svend sagde - de ville have mere øl! Tager så Svend med en neve i nakken og en neve i baken og lempede dem ut - seks stykker efter hverandre! Siden den dag forlangte ingen mere øl når Svend sagde nei.

Da herr Røsseland begyndte å handle i 1877, var der bare 3 handelsmenn i hele Samnanger, nemlig Ole Brigtsen på Ådland (far til Brigtsen på Gaupholm), samt Lars Haga, der havde som en liden frihandel - og så Røsseland på Tysse. Nu er her i herredet 16 landhandlere og 4 bakerier. Det var særlig efter at Tysse Uldvarefabrik kom, at Tysse vokste seg stort. Men også forøvrigt har Samnanger vokset meget såvel i folketall som i velstand.

Gamle koner på ski i vadmelskjørt

Omkring 1860-70 foregikk en ganske stor utvandring til Amerika, og flere av disse utvandrerne gjorde det godt, likesom flere av deres etterkommere er velstående og anseede menn over i USA. Det var særlig fra Frølandsdalen og Fjellgårdene at utvandringen foregikk, men også fra distriktet Ådland-Hisdal.

I de gamle tider var der ingen veier, og tross de gode fjellbeiter var det tungvint å være gårdbruker i Samnanger. Det var derfor rimelig at Amerika-feberen fikk tak i ungdommen. Men de gamle samninger var ikke kvepne. Endog koner på 60-70 år reiste avsted på ski midtvinters i forrykende snødrev - ofte iført bare et enkelt vadmelskjørt og saueskinstrøye.

Nu er her bra med veier også i Samnanger, så kløvjing behøves ikke mere. Men endel flere og bedre veier må til, likesom endel planlagte bygdeveier må påskyndes. En stor forsømmelse har det været at ikke elektrisk lys er innlagt overalt - her hvor man har alle betingelser tilrettelagt. Nu begynner man endelig å innse, at elektrisk lys er en nødvendighet.

Jernbanen Bergen-Samnanger-byen Ålvik

En jernbane Bergen - Samnanger - Ålvik har vært adskillig på tale blandt fagfolk, som er kjent i ruten og interesserer seg for en bedre forbindelse mellom Bergen og dens nærmeste oppland. En linje fra Bergensbanen gjennom Samnanger og til Norheimsund-Øistensø og utover til Fiksesund med ferger til byen Ålvik - ville bringe Bergen og Hardanger flere ganger om dagen i forbindelse med hverandre, og den nu temmelig avstengte Samnangerbygd med sine mange fremtidsmuligheter ville såatsige blive flyttet helt inn til Bergens villakvarter.

Herr gårdbruker Torbjørn Frøland

Gårdsdriften i Samnanger er betydelig bedre enn tidligere. På en rekke gårder er oppført moderne fjøs, og om besetningene er mindre enn tidligere, så er foringsmåten så meget bedre at utbyttet av gårdene likevel bliver langt større enn i gamle dager. En av de gode gamle samninger, herr gårdbruker Torbjørn Frøland, mente dog, at bøndene

benytter seg for meget av landhandleren. At selge så at sige alt utav husest, og så kjøpe alt igjen - mat, sko og klæder - hos landhandleren, er en slett økonomi og dårlig levemåte. For en bonde gjelder det om mest mulig at være selvhjulpen. Hvad man selger, bør så at sige være netto. En ting ville herr Frøland også nevne - de gode gamle stabbur med korn, kjøt og flesk m.m. for minst et år, måtte komme til akt og ære igjen. De gamle fedre ordnede seg alltid slik at de hadde reserver. Nu har man revet stabburene ned og lever for dagen med innkjøp fra landhandleren. Dette er galt og kan få de sørgeligste følger - det ser vi nu i denne tid dessverre.

En annen klok, gammel samning, herr gårdbruker Peder Løvskar, var i sine yngre dager en fremragende bonde. Ingen i hele Samnanger har med egne hender dyrket så meget jord som herr Løvskar. Og klok kommunemann som han var, stillfarende og lun, men slagferdig og bestemt i sine meninger - riktig et eksempel for den etterfølgende slekt. Slik skal en vestlandsbonde være!

Kunne banke opp 4 osinger, 6 haussogninger og 10 fanebuere!

Samnanger har fostret adskillige dyktige handelskarer og i gammel tid også endel veldige slåsskjemper, som kunne spenne 5 alen i rundkast og banke opp 4 osinger, 6 haussogninger og 10 fanebuere. Bare de veldigste vosser turde byde seg frem. Men da gikk det også på livet løst, så hestemarkedsplassen meget minnet om holmgangstiden, da den var best, som voldsomst kunne slåss. Nu er samningene lutter snille folk; NB, når de får være i fred og ingen ypper strid. Gjør man det - er det ennu spreke karer at komme ut for!

Helt til Høisæter var jeg - riktig fagre fjellgårder deroppe. Og gjestfrie folk. Gjerne skulle jeg bo deroppe all min tid - NB, når jeg hadde telefon samt oftere post.

Dyster natur i Børdalen

På nedtur var jeg innom Børdalen. En dyster natur, men vakkert bebygget og bra oppdyrket. Når man treffer handelskar Nils Børdal på dampskip eller i byen sammen med andre nautedrivere, får man inn-

trykk av at han er en fullblods viking. Men kom i hans vakre hjem - og du har for deg en gentlemann, gjestfri og med innblikk i mange ting. Vi kom til at tale om, hvor galt det var, at fjellbeiter, skog m.v. selges ifra bondegårdene. - Her må bonden stå på vakt, sagde herr Børdal. Det må blive en kjær plikt for den norske bonde at drive sine sætre og fjellbeiter rasjonelt, så man som f.eks. her i Samnanger kan utnytte dem på beste måte. Det ville være en svekkelse for vårt jordbruk, om sådanne herligheter skilles ifra og selges f. eks. til jakt-terreng og slikt noget. I mange bygdelag utnyttes fjellbeitene og sætrene på langt nær ikke, som de burde. Og den enighet og samfølelse, så man kunne have gjeterne og budeier felles, og derved spare meget på folkehjelpen - er her dessverre for lite av. Skriv det i Morgenavisen, at her må blive mere enhetsfølelse - mere broderskap - blandt de norske bønder, hvis de tenker at hevde seg i kampen mot sosialistene og byherredømmet. Ved hvert valg splitter man seg i Høyre og Venstre - og dermed bliver bøndernes interesser forbigået. Det viser seg tydelig i våre dager. Så våkner ikke de norske bønder nu - våkner de aldri!

Tysse fabrikker

Tilbakekommet til Tysse gikk jeg oppom herr fabrikkierer Matthiessen, en meget gemyttelig herre, og slo av en passiar og fikk se fabrikken. (Her følger ei utgreiing om fabrikken sin historie og om produksjonen. Me hoppar over det meste av dette, og viser heller til egne artiklar om ullvarefabrikken.)

...

Arbeidsstokken utgjør ca. 300 personer, hvorav en hel del har vært ved fabrikken siden 1886, takket være det gode forhold, som alltid har hersket ved Tysse fabrikker. Endel av arbeiderne eier sine egne hus i fabrikkens umiddelbare nærhet, og for de øvrige er der oppført store, praktisk innrettede boliger, der ligesom de utmerkede arbeidslokaler gjør, at folk liker seg. Lønningene har været bra og jevnt stigende med tidens krav.

...

Grunnen til at A.S. Samnanger Uldvarefabrik - i daglig tale kaldes den bare Tysse fabrikker - er vokset så sterkt og i sit slag er blevet et av

landets første fabrikker, tiltross for de ikke alltid heldige konjukturer innen tekstilindustrien - må for det første søkes i den dyktige ledelse, og dernest i fabrikkens vel oppøvde arbeidsstokk. Medens man andre steder ved den slags fabrikker skifter folk i det uendelige, har man ved Tyssefabrikker som nevnt en fastboende, innøvet arbeidsstokk - og hva dette har at si, forstår enhver arbeidsherre med syn for sin forretnings trivsel.

...

For bøndene i Samnanger har fabrikken på Tysse vært til stor nytte, idet man der for en vesentlig del har kunnet levere sine produkter, likesom veianlegg, skolehus m.m. er bygget, uten at skatteprosenten er gått uforholdsmessig opp. Inntektene fra fabrikken har vært gode å ha - også når skattene skal utregnes. Men den sosialistiske tendens, som følger i fabrikkens kjølspor, liker Samnangerbøndene ikke. Forrige kommunevalg blev der imidlertid en styrkeprøve - og bøndene seiret da med glans. Men så møtte de også mannsterkt frem og tog konene med samt gav seg en god dag i alt gammelt snakk om Høyre og Venstre - alle var bønder imot sosialistene, og seiren blev også derfor bøndenes.

...

Den nuværende ordfører fikk jeg ikke anledning at hilse på denne gang, men skal «hjemmsøke» ham på neste Samnangertur. Det skal være en meget klok og dyktig mann - og skal la Morgenavisens lesere få høre mer om de rent kommunale saker i Samnanger.

Dette skreiv altså Morgenavisen sin utsending på nyåret i 1918. Me ser at artikkelen er prega av journalisten, og avisa, sitt politiske syn. Dette gjeld også omtalen av ullvarefabrikken, der journalisten truleg berre har snakka med Matthiessen og leiinga. I alle fall kan ein trygt rekna med at ikkje alle arbeidarane ville gått god for omtalen, for eksempel når journalisten skriv at «lønningene har været bra og jevnt stigende med tidens krav». Som me kan lesa annan stad i dette heftet gjekk arbeidarane til streik året etter at denne artikkelen stod på trykk. Då måtte leiinga gå med på å betala tariff-løn til arbeidarane, noko som innebar ei dobling av lønene.

Då «Samnanger» gjekk ned

Den nyare sjøfartshistoria har nokre eksempel på større båtar som har hatt namnet «Samnanger». Dette er historia om ein av dei.

Den 2. desember 1940 gjekk D/S «Samnanger» av Bergen, eit skip på 7360 t. dw. og som tilhørte reiarlaget Westfal-Larsen, i konvoi vestover. Eller rettare sagt, det var det dei skulle ha gjort. Men på grunn av dårleg ver var skipet kome bort frå dei andre. «Samnanger» var overlate til seg sjølv.

Klokka var om lag 20.30 den kvelden. I mørkret vart «Samnanger» oppdaga av ein tysk ubåt. Det einslege skipet var sjanselaust. Ein torpedotraff. Båten heldt seg flytande. Men dei 30 ombord visste at det berre var snakk om ei lita utsetjing. Ubåtsjefen visste også det. Han såg ingen grunn til å sløsa med torpedoane. Han pumpa over 50 spreng- og fosforgranatar inn i det forsvarslause fartøyet, som i neste augneblink stod i brann. «Eit forferdeleg syn i hylande vind og opprørt hav» noterte ubåtsjefen.

Klokka 2 om natta kantra «Samnanger» og sakk. Ubåten undersøkte området grundig, men fann ingen overlevande.

«Samnanger» hadde gått ned. Alle om bord var døde. Men heime levde dei i uvisse. Først ei god stund etter krigen, då historikarar gjekk gjennom tyske arkiv, kom sanninga for ein dag. Først då fekk familiane til dei omkomne vita kva som hadde skjedd, og når det hadde skjedd.

For familien til Elias Toft, 2. maskinisten på «Samnanger», var det spesielt å få vita datoen det skjedde. For dei hadde ei oppleving på den tida som dei ikkje hadde gløymt. Fire-fem vaksne personar sat samla bak nedrulla blendingsgardiner i stova hos søstera til Elias Toft. Brått banka det på ytterdøra. Før dei rakk å opna banka det på nytt. Men utanfor var det ingen. Det snøa lett, men det var heller ikkje spor i nysnøen. Det heile var så merkeleg at ingen av dei som var i stova gløymde det. Fleire år seinare fekk dei altså vita at akkurat då når dette skjedde, omkom Elias på havet. Dei fleste vil sjølv sagt blæsa av det. Men mange i familien til Elias Toft tenkte sitt. Kanskje var dette måten han sa farvel til familien sin på?

Kjelde: Artikkelen skriven av Malvin Toft, lånt hos Svein Arne Brekkhus.

Samnanger historielag i 2003

Styret

På årsmøtet 26. februar vart Helge Hisdal vald til ny leiar etter Anna Holmefjord som sa frå seg attval. Marita Haugen vart valt som ny styremedlem for 2 år etter Anne Elise Moe som sa frå seg attval, medan Ivar Bård Aadland vart attvald for 2 år. Varamedlem Tor Wold vart attvald for 1 år, og Anna Holmefjord kom inn som ny varamedlem.

Styret er i 2003 samansett slik:

Helge Hisdal, leiar
Olav Brigtsen, nestleiar
Marita Haugen, kasserar
Ivar Bård Aadland, skrivar
Svein O. Aadland, redaktør for årboka

Styret har til no i 2003 hatt 2 styremøte og handsama 6 saker.

Medlemer og arbeidsgrupper

Talet på medlemer har auka til 60. Arbeidsgruppene laget hadde i 2002, har halde fram også i år (kontaktperson i parentes):

Kraftutbygginga i Samnanger (Solveig Tveit Nygård)
Skulehistorie (Ada L. Haugen)
Tysse i gamle dagar (Anna Holmefjord)
Gamle kjøretøy (Helge Hisdal)
Gamle frakteskuter på Samnangerfjorden (Erling Våge)
Gamle fotografi (Tor Wold)
Årbok (Svein O. Aadland)

Aktivitetar

Tur til Salhus. 10. mai skipa historielaget til tur med veteranbuss til Norsk Trikotasjemuseum i Salhus. 22 deltok på turen, og dei fekk omvising på museet og hadde ei eiga lysbileteframsyning frå Samnanger Uldvarefabrikk.

Sal av bilete. Arbeidet med å registrera, scanna og ta vare på gamle bilete digitalt har halde fram. Som før er kopiar av bileta til sals hos Tor Wold.

Flyfoto. Samnanger kommune har liggjande om lag 300 flyfoto som i si tid vart kjøpt frå Fjellanger/Widerøe. Historielaget har tilbode kommunen å scanna inn og lagra bileta digitalt, mot at laget får høve til å selja kopiar. Til arbeidet trengst det to nye scannarar. Etter søknad skal kommunen betala den eine. Grafikar Per-Arvid Tveit Hansen har lova å hjelpa fotogruppa med arbeidet.

Årboka 2003. Årboka vart ferdig tidleg i desember. I år som i fjor får medlemene årboka gratis.

Samarbeid med andre. Historielaget har vore vertskap for Nord- og Midthordland sogelag som la sumarturen og årsmøtet sitt til Samnanger med fullt dagsprogram, og for Kvam sogelag som fekk omvising både i Safa og krabbumuseet på Ådland.

Samnanger historielag 2003